

Austrem

gnr. 149



Av Knut Raastad, april 2025



Austrem nordistugu ca. 1930.. Foto Hans Joramo, Vågå historielags fotoarkiv.

Austrem nordistugu

Gnr. 149 bnr. 1, gml.nr.84, løpeno. 151

Anders Arneson Austrem f.ca.1560-70 var brukar av Austrem i 1611 og eigde 4 huder i Austrem i 1615. Anders var truleg gift med Ragnhild som i 1624 stod som brukar av 4 huder. Ragnhild Austrem lånte i 1628 ut sølv til kongen mot pant i Sørem, dette vart innløyst i 1633 av sonen Johannes på Sørem. I eit omfattande arveskifte og odelsbytte i 1632 skulle Amund Andersen Austrem og syskjena hans samt Svend Harildstad ha 4 huder i Austrem samt ein del andre eigedommar. 4 huder av Austrem tilsvarar det som i 1666 var 1 hud og 5 skinn i kvar Austremsgard samt 1 hud 2 skinn i Svendstad og som vart delt til brørne Amund, Endre og Ola Andersssønner. Iflg. Engebret Hougen var også Hans Stade sonen deira, dermed hadde Anders og Ragnhild 4 sønner:

Amund, til Austrem s

Endre, neste brukar

Ola, til Svendstad

Hans, til Stade n.

I 1645 var det to brukarar på Austrem, så da var garden delt. Den eine brukaren var Endre som ser ut til å ha vore i nordistugu. Endre Andersen Austrem f.ca.1615 d.ca.1671 var gift med Barbro Jakobsdotter Sørem d.ca.1679, dei hadde 5 barn:

Anders f.ca.1641 d.før 1671, stod som brukar i 1668

Jakob f.ca.1645, neste brukar

Svend f.ca.1649 d.1691, g.m. Kari Amundsdr., til Klones

Siver f.ca.1650

Rønne g.m. Knut Olsen Holbø s f.ca.1633

Jakob Endresen Austrem f.ca.1645 overtok nordistugu Austrem etter skifte i 1679. Jakob stod som brukar i 1711. Han var gift med Randi Knutsdotter sygard Råstad dotter til Knut Jonsen og Aase Jakobsdr. Kvarberg Råstad, Jakob og Randi hadde 5 barn:

Endre, neste brukar

Knut f.ca.1672

Anders f.ca.1675, g.m. Thore Larsdr. Øy, på Øverøy

Barbro f.før.1685 d.1740, g.m. Tjostel Kleppe Valbjør Holbø n f.ca.1666 d.1724

Aase f.ca.1680, g.m. Gulbrand Syversen Bjørnstad f.ca.1670 f.1739, på Snerle m.

Det var skifte etter Jakob og Randi i 1712, og Endre Jakobsen fekk skjøte frå syskjena i 1720. Endre Jacobsen Austrem var gift med Kari Jonsdotter, dei hadde 6 barn:

Jacob, neste brukar

Marit f.ca.1717, g.m. Paul Sjugurdson Bolstad

Randi f.ca.1720, g.m. Knut Stade n.

Barbro f.ca.1723, g.m. Erland Erlandsen

Kari f.ca.1729

Aase f.ca.1732

Det var skifte etter Endre og Kari i 1750. Jacob Endresen f.ca.1721 d.1784 vart 1748 gift med Synne Olsdotter Steine, Heidal f.ca.1722 d.1756, dotter til Ole Olsen Steine og Marit Nilsdtr. Jakob og Synne hadde 3 barn:

Kari f.ca.1748

Endre 1751-1822, g.m. Marit Andersdtr. f.ca.1752 d.1822, husmann Østremseie Rugsveen
Synne f.1756

Jacob Endresen vart 1757 gift på nytt med Marit Sevaldsdotter f.ca.1730 d.1801. I 1776 selde Jacob garden Austrem, Jacob og kona skulle som føderåd bl.a. ha plassen Løken å bu på.

Jacob og Marit hadde 3 barn:

Ole f.ca.1760 d.1830, g.m. Anne Jonsdotter f.ca.1762 d.1846, til Løken

Ingeborg f.1762

Jon f.1773

I 1772 var det skjøte på halvparten av nordistugu Austrem 8 ½ skinn frå Jacob Endresen Austrem til ungkar Johannes Iversen Blessum. Men dette har truleg vore omgjordt, for i 1776 selde Jacob heile garden 1 hud 5 skinn til Ole Olsen Teige frå Kvam for 1100 rd. Jacob Endresen og kona skulle som føderåd bl.a. ha plassen Løken å bu på.

Ole Olsen 1726-1801 frå Leine eller Teige var son til Ole Pedersen Leine. Ole Olsen var gift med Lisbeth Nilsdotter Bjørge 1736-1813, dei hadde 6 barn:

Ole f.ca.1758, neste brukar

Nils f.ca.1760

Peder 1768-1934, g.m. Marit Pedersdtr. Holbø n 1751-1835. Til Veggum s. i 1797. Målar.

Iver f.ca.1773, g.m. Gunhild Jonsdtr. Øy Rottem f.ca.1767. Til Veggum og Kjølstad

Østen f.ca.1778

Anne, g.m. Jon Eriksen f.1750. Sandbu.

I 1787 var det skjøte på Austrem 1 hud 5 skinn frå Ole Olsen til Ole Olsen for 799 rd. Ole Olsen f.ca.1758 d.1808 frå Teige/Leine, Kvam vart 1792 gift med Kari Jacobsdotter Soljem f.ca.1873 d.1837. Dei hadde 5 barn:

Ole f.ca.1791, neste brukar

Anne f.1796, g.m. Ener Andersen Bråten 1797-1868

Jacob f.ca.1798, g.m. Ragnhild Trondsdr. Søre Veggum

Iver f.ca.1802

Peder f.ca.1805

I 1809 var det skifte etter Ole Olsen med hjemmel til sonen Ole Olsen på Austrem 1 hud 5 skinn for 1200 rd. Ole Olsen Austrem 1792-1878 vart 1814 gift med Marit Eriksdotter Helle 1794-1858 dotter til Erik Hansen Helle 1761-1841 og Marit Knutsdtr Siem (Huden) 1766-1808. Ole og Marit hadde 9 barn:

Kari 1815-1862, g.m. Syver Arnesen Klones f.1817. På Austrem i 1865-1875, dei hadde barna Arne f.1851, Ole f.1856

Marit 1817-1900, g.m. Knut Erlandsen Saghaugen 1810-1863

Ingeborg f.1820

Anne f.1823

Ole 1825-1888, neste brukar

Gunild f.1829

Ragnild f.1832, g.m. Syver Olsen Klones f.1829, til midtre Stokstad

Hans f.1835, g.m. Kari Iversdtr. Stokstad f.ca.1832

Mari f.1838

I 1847 var det skjøte frå Ole Olsen d.e. til Ole Olsen d.y. for 900 spd. Ole Olsen 1825-1888 vart 1850 gift med Anne Poulsdotter Storvik 1827-1916 dotter til Poul Olsen Gardsøy Storvik n 1799-1842 og Anne Christensdtr. Ellingsbø 1801-1866. Ole og Anne hadde 4 barn:

Marit f.1850

Ole f.1852, g.1884.m. Mari Jonsdtr. Strand f.1859

Anne f.1856, g.m. Amund Arnesen f.1862. Til Kluften.

Kari f.1862

I 1889 var det auksjonsskjøte frå Ole O Østrems konkursbu til Paul Andvord på nordistugu Austrem og Brandvol for kr 8370. Paul Larsen Andvord 1830-1905 var gift med Kari Olsdotter nigard Galde 1837-1928, dei hadde 5 barn:

Lars f.1859, til Amerika 1884

Ole f.1861, neste brukar

Mari f.1864,

Marie 1867-1919, g.m. Otto Fjøsne 1873-1924, systugu Austrem

Else 1874-1942, g.m. Ola Flatmo 1883-1966, på Lye

Skjøte 1921 frå Paul Andvors enkje Kari Andvord til enkje Anna Andvord på denne eigedom og bnr. 2 for kr 14000. Ole Paulsen Andvord 1861-1918 vart 1902 gift med Anna Olsdotter Ekre, Heidal f.1876, dei hadde 7 barn:

Paul 1903-1981, neste brukar

Kari 1905-1990, g.m. Semon Aasgaard 1900-1987

Trygve f.1907, g.m. Mary, til Brandbu

Ole f.1910, g.m. Hjørdis Altenborn, til Larvik

Lars, g.m. Gudrun Fjell, til Oslo

Maria f.1916, g.m. Sigurd Stokstad 1904-1986

Ottar f.1918

Paul Andvord fekk i 1934 auksjonsskjøte på d.e., bnr. 2 og 154-5 for kr 19500. Paul Andvord var gift med Ragnhild Haugen.

Ivar Aasgaard f.1932 overtok i 1978 etter onkelen. Ivar var gift med Anne Sønsterud, Fåberg f.1939 dotter til Kristian Sønsterud f.1914 og Kari Ellinghaugen, Gausdal f.1915. Ivar og Anne hadde 3 barn:

Kari f.1969

Semon f.1971, neste brukar

Ragnhild f.1975

Semon overtok etter faren, han er gift med Hildegard Byre.

Kjelder:

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slekter i Vågå og Lom

Digitalarkivet: panteregister

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Lars Brustuen: Brustuguslekta

Engebret Hougen, Norsk slektshistorisk tidsskrift 1951: Av hvaldeætt, Bondearistokrati i G-d.

Sanden

Ejrik Olsen 1824-1874 var i 1865 husmann med jord på Sanden. Erik var frå Kvernhusaugen son til Ole Larsen f.ca.1791 d.1866 og Anne Eriksdotter Skjedsvold f.ca.1790 d.1871. Eirik vart 1853 gift med Anne Andersdotter Sveen f.ca.1829 dotter til Anders Johnsen Sveen. I 1875 var Anne enkje og husmann med jord. Erik og Anne hadde 2 barn:

Ole f.1853

Mari f.1856

I 1900 var Jakob O Løken 1865-1963 husmann med jord på Sanden. Jakob var frå nørðre Løken son til Ole Jakobsen f.1822. Jakob vart 1890 gift med Gunhild Henriksdotter Braaten 1860-1936 dotter til Henrik Arnesen. I 1910 var familien komne til nørðre Stadelykkja. Jakob og Gunhild hadde 8 barn:

Ole f.1891

Mari f.1894

Anne f.1896

Ivar f.1897

Anna 1899

Kari 1900-1989, g.m. Iver I Tolstadløkken 1897-1972

Jon 1903-1983, g.m. Kari H Åsen 1907-1949. Til Lauvstad.

Gunvald f.1905

Sanden med Hindsæter gnr. 149 bnr. 5 vart 1903 frådelt frå nordistugu Austrem gnr. 149 bnr. 1. I 1917 var det skjøte frå Otto H Østrem (vedteke av Paul Andvords enkje og arvingar) til gruvekaptein Johan Sundt for kr 14000. Kjøparen plikta å respektere kontrakt som seljaren hadde om plassen Sanden. Enkja Petra Sundt skreiv i 1920 ektepakt med den nye mannen Henrik Zedell. I 1924 var det skjøte frå Petra Zedell til O P Haakenstad. I 1934 vart Hindsæter frådelt.

I 1910 var Paul Sanden f.1859 husmann på Sanden. Paul Larsen Sveen 1859-1934 var gift med Kari Jonsdotter Hageløkken 1865-1949. I 1900 var familien i Sør-Sveen og i 1919 kjøpte dei Steinarlykkja. Paul og Kari hadde 3 barn:

Mari f.1887, hadde med Anton K Bråten sonen Kristian f.1919

Inga f.1901

Iver f.1908, til Steinarlykkja

I 1936 var det skjøte på Sanden gnr. 149 bnr. 5 frå O P Haakenstad til Jo Jukulen for kr 1500. Sanden skog gnr. 149 bnr. 16 vart frådelt frå nordistugu Austrem i 1934 med skjøte i 1936 til Jo Jukulen. Jo Jukulen 1882-1965 var son til Mari og Ola Jukulen. Jo vart 1906 gift med Anne Sveen 1886-1965, og i 1920 budde dei på Sanden. Jo og Anne hadde 9 barn:

Olav f.1907

Marit f.1909

Ola f.1911

Harald f.1914

Asmund f.1917

Jørgen f.1919, neste brukar

Mari f.1922

Anna f.1924

Gudmund f.1927

Jørgen overtok i 1950. Han vart 1947 gift med Sigrid Furuheim, Heidal f.1922 dotter til Mathias O Løkken f.1890 og Maria Pladsen f.1896. Jørgen og Sigrid har 1 barn:

Anne Marie f.1947, neste brukar

Anne Marie overtok etter faren i 1995. Ho har sonen:

Stig Joar f.1970

Anne Marie var gift med Olaf Oden, Sør-Fron f.1948, dei har 1 barn:

Odd Magne Kristen f.1988, neste brukar

Odd Magne overtok etter mora.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker

Norske gardsbruk 1953-1997

Løken søre

Jacob Endresen Austrem n. f.ca.1721 d.1784 var son til Endre Jacobsen Austrem n. og Kari Jonsdotter, Jacob overtok nordistugu Austrem på skifte etter foreldra i 1750. I 1776 selde Jacob garden Austrem, Jacob og kona skulle som føderåd bl.a. ha plassen **Løken** å bu på. Jacob vart 1748 gift med Synne Olsdotter Steine, Heidal f.ca.1722 d.1756, dotter til Ole Olsen Steine og Marit Nilsdtr. Jakob og Synne hadde 3 barn:

Kari f.ca.1748

Endre 1751-1822, g.m. Marit Andersdtr. f.ca.1752 d.1822, husmann Østremseie, Rugsveen
Synnef f.1756

Jacob Endresen vart 1757 gift på nytt med Marit Sevaldsdotter f.ca.1730 d.1801, dei hadde 3 barn:

Ole f.ca.1760 d.1830, neste brukar

Ingeborg f.1762

Jon f.1773

Ole Jacobsen var i 1801 husmann på Austrem. Ole vart 1791 gift med Anne Jonsdotter f.ca.1762 d.1846, dei hadde 6 barn:

Guri f.1787

Marit f.1791

Jakob 1794-1866, neste brukar Løken.

Ole f.1798

Kari f.1800

Anne f.1804, seinare brukar

Jakob Olsen vart i liste over husmannspengar i 1832 nemnd under nordistugu Austrem. Jakob 1794-1866 vart 1819 gift med Barbra Larsdotter Stokstad nördre 1796-1882 dotter til Lars Paulsen Stokstad f.ca.1753 og Imbjør Pedersdtr. f.ca.1761 d.1831. Jakob og Barbro kom seinare til nördre Løken. Jakob og Barbro hadde 6 barn:

Anne 1819-1819

Ole 1821-1821

Ole 1822-1881, g.m. Mari Iversdotter Øyseie f.ca.1826 d.1890. På nördre Løken

Lars 1825-1915, g.m. Ragnhild Hansdtr. Kleppeeie Jukulen 1819-1881. Til Løkjeranden.

Poul 1827-1828

Kari f.1829

Anne Olsdotter Løken vart 1837 gift med Hans Hansen Blankenborg 1814-1888 son til Hans Blankenborg. Hans Hansen var i 1865 husmann med jord. Truleg var det Hans som i 1876 fekk tinglyst husmannskontrakt frå 1850 om plassen Løkehaugen samt eit jordstykkje på Lauvsætra/Lauvsæterhaugen. Hans og Anne hadde 2 barn:

Ole f.1838, neste brukar

Eli f.1845

Ole Hansen var i 1875 husmann med jord. Ole vart 1861 gift med Rannei Johannesdotter Solhjemseie, Sel 1831-1915 dotter til Johannes Hansen Solhjemseie. Ole og Rannei hadde 2 barn:

Anne f.1864, g.m. Anders Iversen Skriden, Heidal f.1865

Anders f.1870

I 1900 var Jakob L Løken f.1845 husmann med jord. Jakob var frå Løkjeranden son til Lars Jacobsen Østremseie Løken nördre 1825-1915 og Ragnhild Hansdtr. Kleppeeie Jukulen 1819-

1881. Jakob var gift med Anne Jonsdotter, Lom 1854-1918. I 1910 var dei på Kluftbakken.

Jakob og Anne hadde 3 barn:

Lars f.1873, g.m. Kristine Ingebretsdotter f.1877, til nørðre Løken

John 1876-1878

Ragnhild f.1879, g.m. Nils Rusten

Løken g.nr. 149 bnr. 9 vart frådelt frå nordistugu Austrem gnr. 149 bnr. 1 i 1910 med skjøte i 1911 frå Kari Andvord til Knut Iversen Nesset for kr 3000. Knut f.1868 var frå

Håkenstadnesset / Åstad son til Iver Knutsen f.ca.1831 d.1886 og Ingri Hansdtr. Randen f.ca.1831 d.ca.1875. Knut vart 1889 gift med Kari Hansdotter Stadeløkken 1865-1923 dotter til Hans Hansen. Knut og Kari hadde 9 barn:

Ingri f.1889

Karen f.1891, sbm. Jakob P Rottemshagen 1879-1943, g.m. Ola Synnes f.1890

Mathias 1894-1955, neste brukar

Anton f.1899

Ragnhild f.1896

Knut f.1901

Gina 1903-1921

Hans f.1906

Karl f.1910

Mathias vart 1918 gift med Anne Jakobsdotter Stadeløkken 1896-1976, dei hadde 9 barn:

Kristine f.1919

Jacob

Gunnild

Knut

Magnus f.1928, neste brukar

Gunvald

Ragnhild

Asbjørn

Ola

Magnus overtok etter faren i 1953. Magnus vart 1957 gift med Ragnhild Teigen f.1929 dotter til Jo Teigen f.1869 og Ragnhild Sveahaugen f.1890. Magnus og Ragnhild har 2 barn:

Jon f.1960, til Teigen

Arne f.1964, neste brukar

Arne er sambuar med Wenche Aspen, dei har 1 barn:

Simen f.1989

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker

Kluften

Thor Knutsen f.ca.1810 d.1893 var i 1865 og 1875 husmann med jord på Kluften. Thor Knutsen Kleppeeige var son til Knut Kleppeeige. Thor vart 1830 gift med Marit Iversdotter Rottenseige f.ca.1814 dotter til Iver Rottenseige. Thor og Marit vart nemnd som Østremseige frå 1836. Thor og Marit hadde 7 barn:

Pouline 1826-1828

Rønnoug f.1830

Knut f.1833

Iver f.1836

Ole f.1839

Ragnild f.1843

Paul f.1847

Amund A Flaten fekk i 1887 husmannskontrakt frå Ole O Østrem på plassen Kluften samt eit jordstykkje på Løken. Amund Arnesen f.1862 var i 1900 skreddar og husmann med jord på Kluften. Amund var frå Flaten son til Arne Amundsen f.ca.1813 og Ingebjørg Kristensdtr. Kleiven f.ca.1818. Amund vart 1884 gift med Anne Olsdotter Austrem n, f.1856 dotter til Ole Olsen Austrem n, 1825-1888 og Anne Paulsdtr. Storvik n. 1827-1916. Amund og Anne hadde 8 barn:

Kari f.1881

Anton f.1885

Anna f.1887

Ole 1889-1969, neste brukar

Marit f.1891

Olaug f.1894

Amund f.1899

Einar f.1907

Kluften gnr. 149 bnr. 13 vart 1929 frådelt frå nordistugu Austrem. Skjøte frå Anne Andvord til Ole A Kluften for kr 2150 er frå 1929. I 1937 var det auksjonsskjøte til Ole A Kluften for kr 3000. Ole 1889-1969 vart 1916 gift med Mari Knutsdotter Løkken 1895-1984. Ole og Mari hadde 11 barn:

Anne f.1917

Alfred f.1919

Kristian

Arne

Anna

Oddborg

Kåre

Oddbjørn

Mari
Halfdan, neste brukar
Leif

Halfdan overtok etter faren i 1962. Han vart 1965 gift med Tove Aasgaard, Oslo f.1946 dotter til Johan Aasgaard f.1919 og Tordis Hauland f.1922. Halfdan og Tove har 3 barn:

Terje f.1965, g.m. Eldbjørg Sande
Stein f.1969
Siri f.1971

Kjelder:
Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker
Norske gardsbruk 1953-1997

Elvestad

Elvestad gnr. 149 bnr. 15 vart 1933 frådelt frå nordistugu Austrem med skjøte datert 1932 frå Anna Andvord til Amund A Kluften for kr 3000. Amund 1899-1971 var son til Amund Flaten og Anne Austrem. Amund vart 1925 gift med Guri Rundhaugen 1905-1992, dei hadde 2 barn:

Aslaug f.1927
Jarleif f.1940, neste brukar

Jarleif overtok etter mora i 1972. Jarleif vart 1966 gift med Gunn Kari Nordgård, Lesja f.1947 dotter til Olav Nordgård, Marstein i Romsdal f.1917 og Agnes Remmen, Marstein i Romsdal f.1919. Jarleif og Gunn har 1 barn:

Arild Olav f.1966

Kjelder:
Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker
Norske gardsbruk 1953-1997

Bakken – Kluftbakken

Ole Pedersen f.ca.1840 var i 1865 og 1875 husmann med jord på Bakken. Gunnild Eriksdotter f.ca.1811 var føderådskone i 1865. Ole Pedersen Braaten var son til Peder Olsen Østremseige. Ole vart 1862 gift med Ragnhild Hansdotter Svendstad f.ca.1840 d.1878 dotter til Hans Hansen Svendstad. Ole og Ragnhild hadde 5 barn:

Ole f.1863
Gunnild f.1865
Hans f.1869

Mari f.1872
Peder f.1874

Paul Isaksen f.1867 d.1954 var i 1900 husmann med jord på Klufthakken. Enkja Mari Olsdotter f.1823 vart forsørgra av Paul. Paul Isaksen Bolstadløkken var son til Isak Toresen. Paul vart 1894 gift med Anne Torsdotter Jeilen f.ca.1862 d.1922 dotter til Thor Hansen. Paul og Anne hadde 1 barn:

Mari f.1897

Bakken gnr. 149 bnr. 7 vart 1904 frådelt frå nordistugu Austrem gnr. 149 bnr. 1 med skjøte 1908 frå Ole P Andvord til Jakob L Løken for kr 1000. I 1900 var Jakob L Løken f.1845 på søre Løken. Jakob var frå Løkjeranden son til Lars Jacobsen Østremseie Løken nørre 1825-1915 og Ragnhild Hansdtr. Kleppeie Jukulen 1819-1881. Jakob var gift med Anne Jonsdotter, Lom 1854-1918. I 1910 var dei på Klufthakken. Jakob og Anne hadde 3 barn:

Lars f.1873, g.m. Kristine Ingebretsdotter f.1877, til nørre Løken

John 1876-1878

Ragnhild f.1879, neste brukar

I 1918 var det skjøte frå Jakob L Løken til svigersonen Nils Rusten for kr 1730. Nils Rusten, Lom 1875-1945 var gift med Ragnhild Bakken 1879-1971, dei hadde 3 barn:

Tora 1914-1995, g.m. John Bakken (Synslibakken) 1905-1993

Anna f.1915, neste brukar

Knut 1917-1978, g.m. Kari Ødegård

I 1944 var det skjøte frå Nils Rusten til dottera Anna Bakken mot føderåd til seljaren og hustru verdsett til kr 1500 inkl. buskap og lausøyre kr 700. Anna f.1915 vart 1944 gift med Harald Sanden 1915-1991 dotter til Jo Jukulen og Anne Sveen. Anna og Harald hadde 2 barn:

Ragnhild f.1945, g.m. Ola Rudi, Heidal

Jon f.1948, neste brukar

Jon overtok i 1978. Han vart 1977 gift med Oddlaug Leirflaten, Heidal f.1950 dotter til Jon Leirflaten f.1909 og Kari Risset f.1919. Jon og Oddlaug har 2 barn:

Morten f.1977

Erik f.1978

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker

Norske gardsbruk 1953-1997

Teigplassen

Nils Knutsen vart i 1777 nemnd i liste over husmannspengar til kyrkja. I 1780 og 1781 vart han nemnd som Niels Teigen. Nils f.ca.1725 d.1782 vart 1756 gift med Ingri Christensdotter f.ca.1721 d.etter 1801. Nils og Ingri hadde 2 barn:

Johanna Magdalena 1767-1842, neste brukar
Knut f.1758

Johane vart 1789 gift med Arne Christensen f.ca.1753 d.1829, i 1801 var han husmann under Austrem. Arne og Johane hadde 3 barn:

Christen f.1791, neste brukar
Niels f.ca.1793
Knut f.ca.1800

Christen Arnesen vart 1832 nemnd under nordistugu Austrem i liste over husmannspengar til kyrkja. Christen vart 1816 gift med Marit Larsdotter Stokstad 1794-1882 dotter til Paul Andersen nørdrø Stokstad f.ca.1756 og Ingeborg Pedersdtr. Svare d.ca.1770. Christen og Marit hadde 2 barn:

Arne f.1817, neste brukar
Ingeborg f.1819, g.m. Arne Endresen Rugsveen. Til Flaten

Arne Christensen var i 1865 husmann med jord. Arne vart 1844 gift med Ragnhild Johannesdtr. Sandbueie f.ca.1819. Arne og Ragnhild hadde 1 barn:

Christen f.1844, hadde med Imbjør Tjøstelsdtr. Hammer sonen hans f.1865

I 1875 budde Hans Olsen Sørlien 1841-1930 som inderst på Teigplassen, men han dreiv ikkje plassen. Hans vart 1866 gift med Kjersti Larsdotter Rottenseie 1841-1921. Ved barnefødsler var dei i 1874 på Stadeløkken og i 1876 på Teigplassen.

Teigplassen gnr. 149 bnr. 4 vart frådelt frå nordistugu Austrem gnr. 149 bnr. 1 i 1890. I 1899 var det skjøte frå Paul Andvord til Hans Iversen Nettet for kr 1500, og i 1900 var han registrert som gardbrukar. Hans Iversen Nettet 1866-1951 var son til Iver Olsen. Hans vart 1885 gift med Mari Johannesdotter Sveen n. f.1864 dotter til Johannes Andersen Sveen s. 1823-1913 og Ragnhild Iversdtr. Kleppeie 1823-1919. Hans og Mari hadde 7 barn:

Iver f.1887
Johannes f.1889
Kari f.1891
Hans f.1894, neste brukar
Marie f.1897
Anna f.1901
Ragnhild 1907-1933

Hans overtok etter faren i 1930 med skjøte for kr 3000 inkl. lausøyre kr 400 samt føderåd verdsett til kr 1500. Hans vart 1919 gift med Marie Sillihagen, Lesja 1894-1948, dei hadde 5 barn:

Magnhild f.1919, g.m. Richard Gottenborg 1918-1973

Aslaug f.1922, g.m. Kåre Johan Kleiven f.1926

Harald 1923-1991, neste brukar

Arne f.1925

Einar f.1933

Harald overtok i 1976.

Magnhild, Aslaug og Einar overtok etter broren.

Einar overtok i 1995. Han vart 1963 gift med Magnhild Rudsar, Skjåk f.1937 dotter til Hans Rudsar f.1908 og Tyra Bøye f.1910. Einar og Magnhild budde i Oslo til 1995. Einar og Magnhild har 2 barn:

Hans Morten f.1963, sbm. Wenche Hansen

Heidi f.1970, sbm. Rune Hansen

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker

Solhaug – Sjørdalen skule

I 1875 budde skulelærer Peder Iversen på Sjaardalen skole. Peder Ryfeten, Folldal 1851-1938 var son til Iver Pedersen og Kari Ryfeten f.1827. Peder var gift med Anne Amundsdotter Bu nig. f.1843 dotter til Amund Olsen Bu f.1804 og Kari Syverdtr. Hørven, Skjåk 1811-1875. Peder kjøpte i 1881 nørdrø stade. Peder og Anne hadde 2 barn:

Iver f.1877, til Canada

Sylvester, til Canada, g.m. Francis

I 1900 budde enkja Gunhild Olsdotter Dahle f.1829 på Sjaardalen skole under nordistugu Austrem gnr. 149 bnr. 1.

Solhaug gnr. 149 bnr. 10 vart frådelt frå nordistugu Austrem i 1916 med skjøte frå Ola P Andvord vedteke av Paal Andvords enkje og arvingar til Vågå kommune for kr 900. Dette var skulejord for Sjørdalen skule.

I 1920 var Bernt Steinar Karlsen, Verran 1880-1944 folkeskulelærer. Han vart 1917 gift med Oline Bolstad 1894-1961, dotter til Østen Løvsletten og Embjørg Tungen. Oline kjøpte Solstad frå broren Iver Bolstad i 1939. Bernt Steinar og Oline hadde 3 barn:

Sigrid Bergljot f.1918, g.m. Jon Lillebråten f.1918. Bolstad og Solstad.

Ingrid f.1920

Dagrun f.1922, g.m. Hans Kleiven

Gnr. 149 bnr. 65 vart frådelt frå Solhaug i 1955. dette er idrettsplassen. I 1977 vart det tinglyst leigeavtale til Sjørdalen idrettslag for 40 år. Sjørdalen idrettslag har heimel til eigedommen frå 2019.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker

Friheim

Friheim gnr. 149 bnr. 18 vart frådelt frå nordistugu Austrem i 1938 med skjøte frå Paul O Andvord til Sjørdalen arbeidslag for kr 300 med bestemmelse om at Sjørdalen arbeidslag skulle vera upolitisk og huset skulle brukast til alle møter og samankomster som hadde interesse for kretsen. I 1957 var det skjøte frå Sjørdalen arbeidslag til Samfunnshuset Friheim for kr 300. Parkeringsplassen gnr. 149 bnr. 53 vart frådelt frå Austrem i 1979 med heimel til Samfunnshuset Friheim.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister

Austrem systugu

Gnr. 149 bnr. 3, gml.no. 84, løpeno. 153

Anders og Arne brukte Kleppe saman og dei fekk også tak i Rottem og Austrem. Anders hadde sonen Jo, Arne hadde sonen Anders.

Jo overtok i 1518 Kleppe med Hekkje og Dalom, Anders fekk bl.a. Rottem og Austrem samt Berge i Gausdal der han busette seg.

Jonn Østrenn vart nemnd i 1560.

Anders Arneson Austrem f.ca.1560-70 var brukar av Austrem i 1611 og eigde 4 huder i Austrem i 1615. Anders var truleg gift med Ragnhild, men dette kan vera andre ekteskapet hans. Ragnhild stod i 1624 som brukar av 4 huder. Ragnhild Austrem lånte i 1628 ut sølv til kongen mot pant i Sjørem, dette vart innløyst i 1633 av sonen Johannes på Sjørem. I eit omfattande arveskifte og odelsbytte i 1632 skulle Amund Andersen Austrem og syskjena hans

samt Svend Harildstad ha 4 huder i Austrem samt ein del andre eigedommar. 4 huder av Austrem tilsvarar det som i 1666 var 1 hud og 5 skinn i kvar Austremsgard samt 1 hud 2 skinn i Svendstad og som vart delt til brørne Amund, Endre og Ola Andersssønner. Iflg. Engebret Hougen var også Hans Stade sonen deira, med det er usikkert om det stemmer. Anders og Ragnhild hadde 3 sønner:

Amund (frå fyrste ekteskapet?), neste brukar

Endre, til Austrem n.

Ola, til Svendstad

I 1645 var det to brukarar på Austrem, så da var garden delt. Den eine brukaren var Amund som ser ut til å ha vore i systugu. Amund Andersen f.ca.1600 d.ca.1671 var gift med Sigrid Jakobsdotter d.ca.1678, dei hadde 6 barn:

Anders f.ca.1645 d.ca.1691, neste brukar

Rønne d.ca.1685, g.m. Pål Andersen Bjørnstad n. f.ca.1616 d.ca.1673

Barbro

Imbjør

Ragnhild d.etter 1711, g.m. Ole Amundsen Viste u. f.ca.1643 d.1692

Tora

Anders Amundsen Austrem f.ca.1645 d.ca.1691 var gift med Tore Eriksdotter Helle, dotter til Eirik Jonsen Helle og Gunhild Rolvsdr. Blakar. Anders og Tore hadde 3 barn:

Amund f.ca.1679 d.ca.1738, neste brukar

Erik, over 60 år i 1753

Oluf d.1753, ugift

Torre Eriksdotter vart gift på nytt med Peder Andersen, og i 1711 vart han nemnd som brukar. Peder Andersen var truleg frå nordgard Holbø.

Amund Andersen Austrem d.ca.1738 overtok etter mora og stefaren i 1715. Amund fekk i 1727 skjøte frå brør og svogerar mm. slik at han saman med eigen arv og kjøp frå kongen vart eigar av heile systugu Austrem 1 hud 5 skinn. Amund var gift med Kari Olsdotter Sorem d.ca.1745 dotter til Ole Jonsen Sorem og Kari Amundsdr. nigard s-r-Sandbu. Amund og Kari hadde 6 barn:

Gunild ca.f.1712

Kari f.ca.1714 d.1774, ugift

Anders f.ca.1716 d.1754, neste brukar

Ole f.ca.1719, g.m. Kari Gulbrandsdotter m. Snerle f.1723, til nordgard Snerle

Rønnoug f.ca.1719 d.før.1774, g.m. Tore Kojen, Sel

Ole f.ca.1722 d.før 1745, ugift, på nordgard Snerle

Anders Amundsen f.ca.1716 d.1754 vart 1746 gift med Kari Christensdotter Aasaaren f.ca.1712 d.1789 dotter til Christen Eliasson Åsaren og Ragnhild Engebretsdr. Anders og Kari hadde 2 barn:

Amund 1746-1808, neste brukar

Kari f.1749

I 1778 var det skjøte på Austrem 1 hud 5 skinn frå Karie Christensdotter til sonen Amund Andersen for 397 rd. Amund var ugift og døydde i 1808.

Systera Kari Andersdotter f.1749 var gift med Pål Hansen Holbø f.1752 son til Hans Pålsen Tofte 1725-1774. Kari og Pål hadde 3 barn:

Kari f.1779, g.m. Tord Gudbrandsen Snerle d.1831

Mari 1784-1857, neste brukar

Guri f.1787, g.m. Arne Syversen Klonen d.1849

I 1809 var det skjøte på Austrem 1 hud 5 skinn frå Kari Andersdotter og døtrene Kari og Guri til Marie Paulsdotter for 1450 rd. Mari Pålsdotter Holbø 1784-1857 var gift med Johannes Andersen Sunde 1782-1820 son til Anders Johannessen Sunde 1758-1828 og Aase d.y. Olsdtr. Raastad s 1751-1815. Mari og Johannes hadde 3 barn:

Anders Sunde 1812-1866, g.m. Ragnhild Pedersdtr. Horgen 1803-1903

Kari 1814-1836, g.m. Iver Olsen Viste 1813-1854

Amund Austrem 1818-1856, neste brukar

Anders Johannessen fekk i 1818 forpaktingskontrakt på 10 år frå Johannes Andersen. Dette må bety at Johannes Andersen leigde bort Austrem til faren Anders Johannessen 1758-1828 som også hadde Sunde.

I 1840 var det skjøte på Austrem frå Mari Paulsdotter til sonen Amund Johannessen for 645 spd. Amund Johannessen Austrem 1818-1856 var gift med Mari Pålsdotter Valbjør 1821-1850 dotter til Pål Trondsen Valbjør 1789-1827 og Mari Tordsdtr. Kleppe n. 1788-1839. Amund og Mari hadde 1 barn:

Johannes Amundsen Sunde 1847-1917, neste eigar

Johannes Amundsen Sunde 1847-1917 overtok Austrem ved skifte etter faren i 1857. Johannes vart 1865 gift med Guri Olsdtr. Veggum n. 1841-1908 dotter til Ole Syversen Veggum n 1814-1888 og Rønnaug Hansdtr. Raastad s 1818-1879. Johannes og Guri hadde 5 barn:

Mari 1867-1874

Rønnaug 1869-1968, g.m. Knut Olsen Hammer 1868-1952

Amund 1871-1959, g.m. Anne Knutsdtr. Bersvendstuen 1895-1992

Mari 1874-1891

Ole 1885-1970, g.m. Mari Øisteinsdtr. Bolstad f.1881

Hans Ottesen Fjøsne fekk i 1876 skjøte på systugu Austrem frå Johannes Amundsen for 4000 spd. Same året fekk han skjøte på Svendstad. Hans Scheldrup Ottesen Fjøsne, Luster f.1832 var son til Maren Susanna Eriksdtr. Fjøsne 1800-1874 og Otte Olsen Fuhr 1785-1841. Hans Ottesen var gift med Mette Kirstine Kristoffersdotter Mørkrid, Luster 1843-1897 dotter til Kristoffer Andersen Mørkrid f.1806 og Gjertrud Sørensdtr. Bolstad. I 1875 var Hans og Kirstine forpaktarar av Ottum i Luster, før dette var dei på Hauge der Kirstine hadde vore gift.

Kirstine vart fyrst gift i 1866 med Thomas Thorsen Hauge, Luster 1841-1867, dei hadde 1 barn:

Thomas f.1867, g.m. Kari Olsdtr. f.1862. I 1891 budde dei på Sjørdalen skule

Hans og Kirstine hadde 7 barn:

Susanna f.1871, til Fåberg

Otto f.1873, neste brukar

Kristoffer 1874-1950, g.m. Lena H Lewison 1874-1965

Søren 1876-1954, g.m. Syverine Pedersdtr. Rusten 1885-1981 i Bøverdalen

Marie f.1878-1939, g.m. Bredo O Lundgård 1876-1925

Melchior 1881-1922, g.m. Maria Rostad 1893-1949, på Svendstad

Ole 1883-1962, g.m. Minnie Alma Hanson 1888-1969

Hans hadde med Mari Hansdtr. n. Valde f.1840 sonen:

Iver Aasgaard 1868-1853, g.m. Mari Hansdtr. Steine 1867-1935

I 1898 fekk Otto Hansen Fjøsne hjemmelsdokument på systugu Austrem frå Hans Fjøsne og avdøde hustrus bu for kr 10000.

På systugu Austrem budde i 1910 Otto Austrem f.1873 i Luster, sjølveigar, gardbrukar og hotelvert. Otto var gift med Marie øvre Andvord, Lom 1867-1919 på nordstugu Austrem dotter til Paul Larsen Andvord 1830-1905 og Kari Olsdtr. Galde nig. 1837-1928. Otto og Marie hadde 4 barn:

Kristine f.1902

Paul f.1904-1989, neste brukar

Kari f.1906

Signe f.1909

Otto hadde med Emma Johansdtr. Bekkemellom 1 barn:

Marit f.1922

I 1934 var det auksjonsskjøte på Austrem til Paal Austrem for kr 22000. Pål Ottosen Austrem 1904-1989 vart 1940 gift med Inger Alvhilde Bjørklund, Elverum 1907-1995. Inger Bjørklund var fyrst gift med Elias Furulund, Hamar, dei hadde 2 barn:

Åse Ragnhild Furulund f.1934, g.m. Per Stade f.1930

Erik f.1932

Inger og Pål Austrem hadde 4 barn:

Ottar Ivar f.1940

Håkon Magne f.1943

Liv f.1947

Ivar f.1947

Ottar Iver f.1941 overtok etter faren i 1974. Han vart 1974 gift med Klara Tolstadløkken f.1942 dotter til Ragnvald Tolstadløkken f.1895 og Inga Sveen f.1901. Ottar og Klara har 1 barn:

Pål Ragnar f.1976, neste brukar

Kjelder:

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slektar i Vågå og Lom, slektene på Kleppe og Fellese mm.

Digitalarkivet: panteregister

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Engbret Hougen, Norsk slektshistorisk tidsskrift 1951: Av hvaldeætt, Bondearistokrati i G-d.

Klara Austrem

Jon Laberg, 1926: Luster bygd og ætter

Rugsveen

Endre Østrem vart i 1778 nemnd i liste over husmannspengar til kyrkja, i 1781 vart han nemnd som Endre Rogsveen. Også i 1801 var Endre husmann under Austrem. Endre Jacobsen Austrem 1751-1822 var frå nordstugu Austrem son til Jacob Endresen Austrem n. f.ca.1721 d.1784 og Synne Olsdotter Steine, Heidal f.ca.1722 d.1756. Foreldra selde Austrem i 1776 og tok att Løken som føderåd. Endre vart 1777 gift med Marit Andersdotter f.ca.1752 d.1822.

Endre og Marit hadde 4 barn:

Synev f.1777

Anders 1781-1822, neste brukar

Jacob f.1785

Ragnild f.1790

Anders vart nemnd som Rogsveen og søre Østremseie. Anders Endresen 1781-1822 vart 1809 gift med Aaste Arnesdotter d.1822. Både Anders og Aaste døydde i 1822, skifte var i 1833.

Anders og Aaste hadde 5 barn:

Endre 1811-1870, seinare brukar

Arne f.1813, g.m. Imbjør Christensdtr. nordre Østremseie Teigplassen f.1819. Til Flaten

Johan f.1816

Marit f.1819

Anders 1821-1895, g.1845 m. Ragnhild Jacobsdtr. Sandbueie f.ca.1824

Amund Kristensen f.ca.1781 d.1872 var i 1865 føderådsmann i Rugsveen, i 1801 var han tenestekar på Sunde. Amund Rogsven vart nemnd som husmann under Austrem i liste over husmannspengar i 1832. Kanskje har Amund overteke som husmann da Anders og Aaste bådøydde i 1822 med fem små barn etter seg. Amund vart 1811 gift med Kari Stenersdotter f.ca.1789 d.1868

Endre Anderssen 1811-1870 var i 1865 husmann med jord i Rugsveen. Endre Andersen Østremseie vart 1844 gift med Ragnhild Andersdotter Stadeeie f.ca.1827 dotter til Anders Knudsen Sagsletten f.ca.1781 d.1842 og Marit Iversdtr. Stadeeie f.ca.1803 (Marit budde i Rugsveen i 1865 og 1875). Endre og Ragnhild hadde 5 barn:

Anders 1845-1862

Anders 1849-1851

Anders f.1852, neste brukar

Aaste f.1856, hadde dottera Kari f.1879 med Ole Knutsen Kleppeige f.1859

Marit f.1859

Anders Endresen var i 1875 husmann med jord.

I 1891 var Ole Olsen Brækkøyen, Lom f.1841 og familien på Rugsveen. Ole var gift med Maline Toresdotter Borgen, Lom f.1839. Alle barna var fødte i Lom, og i folketeljinga 1891 er dei nemnde som Borgen. Ole og Maline hadde 5 barn:

Ole f.1872

Lars f.1874

Kari f.1877

Jon f.1882

Ingri f.1885

Gnr. 149 bnr. 8 Rugsveen vart 1906 frådelt frå systugu Austrem med skjøte frå Otto Hansen til Ole S Braaten i 1907 for kr 3000. Ole Syversen Bråten ø. 1845-1923 var son til Syver Olsen Bråten ø. f.1818 og Imbjør Pedersdotter Sønsteli f.1821. Ole vart 1868 gift med Mari Hansdtr. Josten 1845-1870 dotter til Hans Christiansen Daleeie. Ole og Mari hadde 2 barn:

Ingeborg f.1868

Syver f.1869

Ole vart 1871 gift på nytt med Ragnhild Olsdtr. Ymbjørøyen 1849-1924 dotter til Ole Johnsen Gråvåmillom f.1825 og Eldri Olsdtr. Veggumslykkja f.1819. Ole og Ragnhild var på Veggumsflåten frå fyrst på 1870-talet, dei kom til Slettmo i 1879 og var der i 1900. Ole og Ragnhild hadde 8 barn:

Mari f.1871, g.m. Peder Pedersen Smedstuen. Til Eide.

Syver 1873-1878

Eldri f.1875, g.m. Ole Olsen Jespriktplassen f.1873

Ole 1876-1878

Syver f.1879

Ole f.1881, g.m. Marit Amundsdr. Kluften f.1891, til Skogheim/Gurilykkja

Ingeborg f.1883, g.m. Ole Olsen Brenden, Heidal

Imbjør f.1886, g.m. Syver Hansen Rusten f.1878, neste brukar

Syver Rusten f.1878 overtok med skjøte etter svigerfaren i 1916 for kr 3000 inkl. lausøyre kr 1570 samt føderåd kr 1000. Syver var son til Hans Rusten og Ymbjørg Kleiven. Syver vart 1906 gift med Ingebjørg Slettmo f.1885, dei hadde 10 barn:

Hans f.1906, g.m. Anna Bersveinsstuen. Til Vestheim

Ragnhild f.1908

Ola 1911-1978, neste brukar

Inga f.1913

Sigurd f.1915

Oskar f.1918

Ivar f.1920
Ella f.1926
Pål f.1928
Ingrid Solveig f.1930

Vestheim vart frådelt frå Rugsveen i 1932.

Ola overtok i 1962. Han vart 1940 gift med Marit Rundhaugen 1914-1994 dotter til Jakob Rundhaugen og Rønnaug Myrum. Ola og Marit hadde 5 barn:

Steinar f.1939, g.m. Sonja Vadet
Jørgen f.1943, neste brukar
Arne f.1949, g.m. Oddveig Bakken
Magnar f.1951, var g.m. Mette Ekre
Svein f.1958

Jørgen overtok i 1979. Han vart 1979 gift med Anne-Lise Haugen, Otta f.1948 dotter til Kristian Haugen f.1915 og Olga Morken f.1918. Jørgen og Anne-Lise har 2 barn:

Stian f.1979
Laila f.1981

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker
Norske gardsbruk 1953-1997
Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker
Synnøve Teigen Solbakk, Gåmålt og nytt frå Sel 2005: Folket i Veggumsgrenda

Vestheim

Vestheim gnr. 149 bnr. 14 vart 1932 frådet frå Rugsveen gnr. 149 bnr. 8 med skjøte frå Syver Rugsveen og hustru til sonen Hans Rugsveen for kr 1800. Hans 1906-1987 var frå Rugsveen son til Syver Hansen Rusten f.1878 og Ingeborg Bråten Slettmo f.1885. Hans vart 1931 gift med Anna Bersveinsstuen 1902-1980. Hans og Anna hadde 3 barn:

Inger f.1931
Mari f.1936
Harald Håkon f.1942, neste brukar

Harald overtok etter faren i 1973. Harald vart 1973 gift med Jorunn Haugen, Skjåk f.1949 dotter til Lars P Haugen f.1910 og Marit Aaboen f.1915. Harald og Jorunn har 3 barn:

Hanne f.1973, neste brukar
Merete f.1976
Liv Hege f.1979

Hanne er gift med Svein Tore Sveen.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker

Norske gardsbruk 1953-1997

Flaten

Arne Andersen f.1814 var i 1865 og 1875 husmann med jord på Flaten. Arne var frå Rugsveen son til Anders Endresen f.1781 og Aaste Arnesdr. Arne vart 1843 gift med Ingebjørg Kristensdotter f.1819 dotter til Christen Arnesen nørde Østremseie Teigplassen f.1791 og Marit Larsdr. Stokstad 1794-1882 (i 1875 var enkja Marit Larsdotter føderådskone på Flaten). Arne og Ingebjørg hadde 8 barn:

Marit 1843-1848

Aaste f.1845,

Marit f.1849, hadde med Syver Knutsen Braaten dottera Anne f.ca.1868; og
med John Pedersen Skultbakken f.1856 dottera Rønnaug f.1880

Anders f.1852

Kristen f.1854

Arne f.1858

Amund f.1862, g.m. Anne Olsdr. Austrem n. f.1856. Til Kluften.

Ole f.1865

Flaten gnr. 149 bnr. 6 vart 1904 frådelt frå systugu Austrem gnr. 149 bnr. 3 med skjøte 1905 frå Otto Hansen til Knut E Saghaugen for kr 1800. Knut f.1876 var son til Erland Saghaugen f.1844 og Rønnaug Bjørgen f.1836. Knut vart 1909 gift med Mari Sveen 1883-1969, dei hadde 6 barn:

Erland f.1909

Ola f.1911, neste brukar

Rønnaug f.1912

Magnus f.1915

Gjermund f.1918

Kari f.1920

Ola overtok i 1967. Han vart 1937 gift med Pauline Vassdokken 1908-1996 dotter til Jakob Vassdokken og Marit Vetlykkjun. Ola og Pauline hadde 4 barn:

Magda f.1939, g.m. Trygve Grytting

Jorun f.1942, g.m. Jon Sætrumsmoen

Kari f.1943, neste eigar

Åse f.1944, g.m. Johan Bøhaugen

Olaug f.1947

Kari vart 1964 gift med Jørgen Lauvstad f.1933 son til Jon Lauvstad f.1903 og Kari Aasen f.1907. Kari og Jørgen overtok i 1980, dei har 4 barn:

Nina f.1965, neste eigar
Elin f.1966
Jørn Kenny f.1968
Pia Kristin f.1971

Nina overtok i 1994, ho er sambuar med Knut Nyhagen f.1963 son til Per Nyhagen f.1930 og Ragnhild Sagsletten f.1934. Nina og Knut har 1 barn:
Niklas f.1996

Kjelder:
Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker
Norske gardsbruk 1953-1997

Løken nørdr

Jakob Olsen 1794-1866 var i 1865 føderådsman. Ut frå liste over husmannspengar i 1832 var Jakob husmann på søre Løken før han kom til nørdr. Jakob Olsen vart 1832 nemnd i liste over husmannspengar. Jakob var frå søre Løken son til Ole Jakobsen Løken 1760-1830 og Anne Jonsdtr. 1762-1846. Jakob vart 1819 gift med Barbra Larsdotter Stokstad nørdr 1796-1882 dotter til Lars Paulsen Stokstad f.ca.1753 og Imbjør Pedersdtr. f.ca.1761 d.1831. Jakob og Barbro hadde 6 barn:

Anne 1819-1819
Ole 1821-1821
Ole 1822-1881, neste brukar
Lars 1825-1915, g.m. Ragnhild Hansdtr. Kleppeie Jukulen 1819-1881. Til Løkjeranden.
Poul 1827-1828
Kari f.1829

Ole Jakobsen var i 1865 og 1875 husmann med jord. Ole vart 1853 gift med Mari Iversdotter Øyseie f.ca.1826 d.1890 dotter til Iver Hansen Øyseie. I 1900 budde Ole hjå sonen på Sanden. Ole og Mari hadde 6 barn:

Marie Elisabeth f.1853
Barbro f.1856
Kari f.1859
Anne f.1862
Jakob 1866-1963, g.m. Gunhild Henriksdtr. Braaten 1860-1936. Til Sanden
Mari f.1870

I 1900 var Lars J Løken forpaktar og jordbruksarbeidar på nørdr Løken. Lars f.1873 var frå søre Løken son til Jakob Larsen Løkjeranden 1845-1920 og Anne Johnsdotter 1854-1918.

Lars var gift med Kristine Ingebretsdotter f.1877, dei hadde 2 barn:

Jakob f.1898
Magnus f.1900

I 1910 var Ole Løken f.1874 husmann på Løken. Ole Hansen Svelstad var gift med Mari Olsdatter f.1874, dei hadde 2 barn:

Hans f.1901
Oline f.1906

I 1920 var Kristian Saghaugen husmann på Løken. Nørdre Løken gnr. 149 bnr. 12 vart i 1927 frådelt frå systugu Austrem gnr. 149 bnr. 3 med skjøte frå Pål Austrem til Kristian Saghaugen for kr 3500. Kristian 1890-1968 var son til Iver Saghaugen og Kari Knutsdr. Morken.

Kristian vart 1913 gift med Anna Amundsdotter Kluften 1886-1974, dei hadde 1 barn:

Kari f.1913, g.m. Ola J Sanden 1911-1995

Ola J Sanden 1911-1995 og Kari Saghaugen f.1913 hade 3 barn:

Karl O Sanden f.1932 neste eigar
Astrid f.1934, g.m. Jens Kobbersletten f.1939. Til Kobbersletten.
Klara f.1937, g.m. Arne Kobbersletten, har barna Arve og Edel

Karl O Sanden overtok etter besteforeldra i 1968.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljinger, kyrkjebøker
Norske gardsbruk 1953-1997
Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker

Saghaugen

Knut Saugstuen vart nemnd i liste over husmannspengar i åra 1777 til 1782, siste året som Saghaugen. Også i 1801 var Knut Embretsen husmann under Austrem. Knut Engelbretsen f.ca.1746 d.1817 vart 1774 gift med Anne Erlandsdotter f.ca.1743 d.1823. Knut og Anne hadde 3 barn:

Kari f.1775
Erland 1778-1864, neste brukar
Embret f.1789

Erland Knutsen vart i liste over husmannspengar i 1832 nemnd som husmann under systugu Austrem. Erland Knutsen vart 1809 gift med Ragnhild Christensdotter, dei hadde 2 barn:

Knut 1810-1863, neste brukar
Barbra 1817-1817

Knut Erlandsen vart 1844 gift med Marit Olsdotter Austrem n. 1817-1900 dotter til Ole Olsen Austrem n. 1792-1878 og Marit Eriksdr. Helle 1794-1858. I 1865 og 1875 var Marit husmann med jord. Knut og Marit hadde 5 barn:

Erland f.1844, neste familie

Marit f.1846
Ole f.1848
Hans f.ca.1851
Anne f.1856

Erland Knutsen Saghaugen 1844-1919 var i 1900 husmann på Saghaugen. Erland vart 1867 gift med Rønnaug Eriksdotter Bjørgen Søremsøe 1836-1925. Erland og Rønnaug flytta til Flaten, dei var føderådsfolk der i 1910. Erland og Rønnaug hadde 5 barn:

Knut 1867-1868
Marit 1869-1941, g.m. Peder Iversen Ryfeten, Folldal 1851-1938, til Stade n.
Mari f.1870
Kari f.1874, på Saghaugen i 1900
Knut f.1876, g.m. Mari f.1884. På Flaten.

I 1900 var Iver Iversen husmann i Gurilykkja. I 1910 var Iver Saghaugen 1868-1962 husmann på Saghaugen. Iver Saghaugen kjøpte i 1947 Saghaugen gnr. 149 bnr. 22 av Pål Austrem. Iver var son til Ivar Olsen Skreden f.1833 og Mari Toresdtr. Løkken f.1831. Iver Iversen Skreden vart 1888 gift med Kari Knutsdotter Morken, Heidal 1866-1942 dotter til Knut Olsen. Dei hadde 5 barn:

Marie 1889-1980, neste eigar
Kristian 1890-1968, g.m. Anna Kluften 1886-1974. Til nørðre Løken.
Iver 1894-1987, neste eigar
Anton 1897-1979, g.m. Barbro Åsen 1896-1984
Torvald f.1900

Marie og Iver overtok i 1954.

Knut Saghaugen Granlund 1931-1989 overtok etter tanta og onkelen i 1980. Knut overtok naboeigedommen Granlund gnr. 149 bnr. 20 i 1976. Knut var son til Anton Saghaugen og Barbro Åsen. Knut vart 1952 gift med Marit Løkken, Sel f.1928 dotter til Iver Løkken f.1900 og Pauline Gjetsiden f.1897, dei har 2 barn:

Arne Ingar f.1952, g.m. Oddny Synnøve Garmo
Paula Bjørg f.1954

Knut H Garmo f.1981 og Julie M Garmo f.1984 har heimel på både Saghaugen og Granlund frå 2022.

Gnr. 149 bnr. 22 vart frådelt frå Saghaugen i 1955. Dette er lærarbustaden. Harald f.1949 og Somphet Flatåsen f.1971 har heimel til eigedommen frå 2017.

Kjelder:
Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker
Norske gardsbruk 1953-1997
Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker
Seeiendom.no

Granlund

Anton Saghaugen kjøpte i tida 1922 til 1941 jord av Pål Austrem, tinglyst frådeling og skjøte av gnr. 149 bnr. 20 er frå 1941. Anton 1897-1979 var son til Iver Saghaugen og Kari Morken. Anton vart 1923 gift med Barbro Åsen 1896-1984. Anton og Barbro hadde 3 barn:

Iver f.1924, budde på Granlund

Knut 1931-1989, neste brukar

Kari f.1937

I 1955 vart Sørlund gnr. 149 bnr. 29 frådelt frå Saghaugen gnr. 149 bnr. 22 med skjøte frå Marie og Iver Saghaugen til Knut Granlund. Knut overtok Granlund bnr. 20 etter faren i 1976, og Sørlund og Granlund vart dermed saman. I 1980 overtok Knut også Saghaugen br. 22. Knut vart 1952 gift med Marit Løkken, Sel f.1928 dotter til Iver Løkken f.1900 og Pauline Gjetsiden f.1897. Knut og Marit har 2 barn:

Arne Ingar f.1952, g.m. Oddny Synnøve Garmo

Paula Bjørg f.1954, var g.m. Jon Ove Bergseth, sbm. Ottar Garmo

Knut H Garmo f.1981 og Julie M Garmo f.1984 har heimel på både Saghaugen og Granlund frå 2022.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker

Norske gardsbruk 1953-1997

Seeiendom.no